



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
063/15	Kommunestyret	17.09.2015

Sakshandsamar: Alf Olsen jr	Arkiv:	Arkivsaksnr. 15/780 - 1
-----------------------------	--------	-------------------------

HØYRING OM EIGEDOMSSKATT PÅ ARBEIDSMASKINAR MV. I VERK OG BRUK

Kort samandrag:

Høyringsuttale – høyring om endring i eigedomsskattelova på verk og bruk, kva konsekvensar vil det få for Lærdal kommune.

Rådmannen si tilråding:

Grunna økonomiske og lokaldemokratiske omsyn, går Lærdal kommune i mot dei føreslåtte endringane i lova.

Eigedomsskatten må være ein kommunal skatteart, der kommunane også har ansvar for verdsetjing, og der arbeidsmaskiner, produksjonsutstyr og -installasjonar skal inngå i skattegrunnlaget.

Lærdal kommune ynskjer ikkje at det vert gjort endringar i eigedomsskattelova § 4. Produksjonsutstyr og -installasjonar må fortsatt inngå i skattegrunnlaget.

Lærdal kommune sluttar seg vidare til høyringsuttale frå KS og LVK i denne sak.

17.09.2015 Kommunestyret

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

KS-063/15 Vedtak:

Grunna økonomiske og lokaldemokratiske omsyn, går Lærdal kommune i mot dei føreslåtte endringane i lova.

Eigedomsskatten må være ein kommunal skatteart, der kommunane også har ansvar for verdsetjing, og der arbeidsmaskiner, produksjonsutstyr og -installasjonar skal inngå i skattegrunnlaget.

Lærdal kommune ynskjer ikkje at det vert gjort endringar i eigedomsskattelova § 4. Produksjonsutstyr og -installasjonar må fortsatt inngå i skattegrunnlaget.

Lærdal kommune sluttar seg vidare til høyringsuttale frå KS og LVK i denne saka.

Vedlegg:

Høringsuttalelse-eiendomsskatt-LNVK-20.08.2015

Høringsuttalelse fra KS

Høringsnotat frå Finansdepartementet

Saksutgreiing

Bakgrunn

Finansdepartementet sitt høyringsnotat av 18. juni 2015, gjeldande nytt lovforslag om «Eiendomsbeskatning av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk». Det nye lovforslaget inneber hovudsakleg fritak av fastmonterte, ikkje-integrerte maskinar frå eigedomsskatt i industrianlegg. Høyringsfristen er sett til 18. september 2015. Forslag til endring Regjeringa legg i høyringsnotatet fram to alternative forslag til endring av eigedomsskattereglane for produksjonsutstyr og -installasjonar: «Alternativ 1 innebærer at produksjonsutstyr og – installasjoner skal fritas for eiendomsskatt. Alternativ 2 fjerner verk og bruk som egen kategori og det vil derfor ikke lenger være mulig å kun ha eiendomsskatt på verk og bruk. Verk og bruk vil dermed eiendomsbeskattes som alminnelig næringseiendom. Dette innebærer at produksjonsutstyr og –installasjoner fritas for eiendomsskatt, og det gir økt likebehandling mellom ulike typer næringseiendom. Eiendomsbeskatning etter reglene for alminnelig næringseiendom medfører også at gjenanskaffelsesprinsippet ikke lenger gjelder som hovedregel for verdsettelse. Ingen av alternativene medfører endringer i verdsettelsen av vannkraftanlegg. Målet er å gjøre utskrivningen av eiendomsskatt mer forutsigbar og at eiendomsbeskatningen av verk og bruk blir mer lik eiendomsbeskatningen av andre næringseiendommer».

Lærdal kommune har eigedomsskatt etter eigedomsskattelova §3 c «berre på verk og bruk i heile kommunen» Eigedomsskatten på verk og bruk omfattar i tillegg til vasskraftanlegg og industrianlegg, integrerte maskinar, kraftliner, infrastrukturanlegg som tele installasjonar,

breiband og liknande.

Ein endring av lova vil ha konsekvens for Lærdal kommune. Om ein skulle velje alternativ 1 vil dette redusere kommunens inntekt på eigedomsskatt med ca 790,000.

Dersom alternativ 2 vert valt vil dette redusere inntektene med ca 1,9 millionar.

Desse tapa vil komme i tillegg til betydelig reduksjon i eigedomsskatt frå kraftanlegg i kommunen som følgje av utgifter kraftselskapa er pålagd av NVE til rehabilitering av damanlegg, samt reduserte inntekter på grunn av svært låge straumpisar.

Saka om damrehabilitering skal kunne trekkast frå i inntektsgrunnlaget er til handsaming hjå sentralskattekontoret og såleis pr. dags dato ikkje avgjort men om dette vert godkjent så er det betydelige reduksjonar i eigedomsskatt frå kraftanlegga i dei kommande åra.

Inntekt på konsesjonskraft er også redusert og vil etter prognosane verte ytterligare redusert dei nærmaste åra.

Ut over dette vil ein måtte taksere desse eigedomane på nytt for å kunne trekke ut objekt som ikkje lenger vil vere skattbare.

Lærdal kommune vil såleis allereie miste store inntekter som til no har vore ein kompensasjon for dei inngrepa kraftproduksjonen i kommunen har påført Lærdal kommune og innbyggjarane, forslag til endring i eigedomsskattelova vil ytterligare fjerne inntekter frå anlegg som har gjort inngrep i natur som kraftliner, trafoanlegg, telemaster mm,

Spørsmålet blir då korleis dette skal kompenseras. Dersom forslaget skulle bli vedtatt, må det vere under føresetnad av at kommunen blir kompensert fullt ut. Kommunen har ikkje høve til å dekke inn dette sjølv, med mindre ein aukar skattetrykket på næringseigedomar, bustader og fritidsbustader. Alternativet er å redusere tenestetilbodet, eller ein kombinasjon av desse to. Kommunen er allereie gang med tiltak for å redusere drifta grunna forventa svakare inntekter i åra som kjem.

Vurdering

Ei endring av eigedomsskattelova utan kompensierende tiltak, vil gjere det ekstra krevjande, og vil medføre eit klart dårlegare tenestetilbod til innbyggjarane.

Ut over det reint økonomiske, er det grunn til å stille spørsmål ved det faktum at staten her tar i frå kommunane retter til å skrive ut denne lokale skatten. Ein innskrenkar med det dei lokale styresmaktene sitt handlingsrom. Dette bidreg til ei større statleg styring, og går på tvers av arbeidet med kommunestruktur, der ei målsetting er å styrke lokaldemokratiet.

